



16x Bergen Slettebakken
Bergen, 23. april 2003

Småspeidarleir / krinsleir 28.-30. juni

Etter mykje om-og-men, har krinsen klart å få i gong ein småspeidarleir som lekk i krinsleiren på Karmøy til sumaren. Me er leie for at innbodinga ikkje har kome ut før, for no er tidsfristane vorte knappe; men me håper at det like vel let seg gjera å få so mange småspeidarar på leir som råd er.

Tid og stad: Småspeidarleiren startar i Blikshamn på Karmøy laurdag 28. juni kl. 12.30 og varer til måndag 30. juni kl. 13.30. Det vil vera fellestransport til og frå Bergen, men avreise- og returtider er ikkje fastsette enno.

Pris: Sjølvle leiren kostar 100 kr. for småspeidarane. Fellestransporten vil kosta 400 kr. tur/retur. Dette må de betala samstundes med påmeldinga til gruppa, 16. Bergen v/Kai Olsen, kontonr. 3625.60.54595.

Påmelding: Seinast på møtet vårt måndag 5. mai, helst til Hans Georg. Påmeldinga er endeleg. Me kan ikkje lova plass til dei som kjem etter frista.

Klede: varme og vantette støvlar/sko, ullabbar, ullundertøy, bukser, skjorte/genser, regnklede, lue, vottar, skjerf

Utstyr: Sovepose, liggeunderlag, ekstra lue (til å sova i), ekstra vottar, ekstra ullundertøy, ekstra ullabbar og sokkar, treningsdrakt (til å sova i), tjukk genser, lommelykt/hodelykt, speidar-/tollekniv, fat, kopp og bestikk, tannbørste, handduk, avis-papir (til å tørka støvlar), ekstra plastposar, dopapir. Pakk fornuftig, slik de er vande med frå lavvuturane.

Mat: Småspeidarane må ha med niste til laurdags formiddag. Resten av maten for leiren er dekt av leirprisen.

Leiarar: Kjersti er turleiar (hovudansvarleg). Me må ha med ein vaksen for kvar femte småspeidar. Dvs. at me treng eit par foreldre til hjelp; Berit organiserer dette. Gruppa dekkjer reise og leiravgift for dei vaksne som må vera med. Det vil vera informasjonsmøte for vaksne deltakarar på Speidarsenteret 5. juni kl. 18.30.

Personkort: Alle som skal vera med på leiren må fylla ut eit kort med «personalia». Vedlagt finn de eitt ark med to slike kort. Dette hastar ikkje, det rekk om me får desse korta før avreise.

Kjersti og Hans Georg

_____ Klipp

Ja, eg vil vera med på småspeidarleir på Karmøy 2003.

Namn: _____

Fødselsdato: _____

Vil reisa med fellestransport: ja/nei

Underskrift frå føresette: _____